

## Årsmelding 1998

Styret har vore samansett slik:

Knut O. Dale, leiar  
Harry Solberg, skrivar  
Marita Vårdal, kasserar  
Maria Digranes  
Harald Jordal

Varafolk:

1. Jorid Ystanes
2. Turid Asting Solberg
3. Ågot Lien Bleie
4. Marit Mannsåker

Styret har hatt 7 møte.

### Årsmøtet 1998

Møtet vart halde på Bokkotunet 15. mars.

Val (utanom styrevalet): Revisor: Gerd K. Hereide

Valnemnd: Gudrun Eimstad (leiar), Anna Bringedal og Brita Helle.

### Møte

På årsmøtet innleidde Randi Bårtvedt og Øystein Kambestad om emnet: "Måltreising i Odda".

18. oktober tok Johannes Gjerdåker for seg emnet: "Robert Burns - liv og dikting" medan David Fergusson framførde songar og dikt av Burns på originalspråket. Møtet var eit samarbeidstiltak med Odda bibliotek. Frammøtet var godt og stemninga var god på denne tilskipinga der målprisen for 1997 og vart utdelt. Tilskipinga var lagd til biblioteket i Odda.

### Medlemstalet

I 1998 hadde Odda Mållag 130 medlemmer.

### Skulemålsarbeid

Til liks med tidlegare år sende Odda Mållag ut faldaren "Kva skulemål skal vi velja for I. klassingen?" til alle husstandane som soknar til Odda barneskole. Framfor innskrivinga i fyrste klasse hadde Odda Mållag i tillegg to lysingar i Hardanger Folkeblad.

I grunnskulen i Odda har 57.5 % av elevane opplæring på nynorsk.

På kurset "Den nynorske songskatten" som Voss Mållag og Noregs Lærarmållag skipa til 24.10., var det tre deltakarar frå Odda. Dei som deltok arbeider i barnehagane i Odda, og Odda Mållag dekte kurskostnadene deira.

### **Utsendingar**

På årsmøtet i Hordaland Mållag på Voss 18. og 19. april deltok Maria Digranes, Jorid Ystanes og Knut O. Dale.

På kurset som førebudde landsmøtet i Noregs Mållag, var Knut O. Dale med. Kurset var i Bergen 11.7.98 og var skipa til av Hordaland Mållag.

Harry Solberg, Turid Asting Solberg og Knut O. Dale var utsendingar på landsmøtet til Noregs Mållag i Fredrikstad 23. - 26.7.98.

På lokallagsleiarsamling i Bergen 7.11.98 deltok Knut O. Dale.

### **Indre Hardanger Målungdom**

På landsmøtet i målungdomen i Bergen 15. - 17.3.98 deltok Tordis Johanne Lund, Inger Helen Sekse og Astrid Vestrheim.

Tordis Johanne Lund er leiar i IHMU, medan både Tordis Johanne Lund og Inger Helen Sekse sit i landsstyret i Norsk Målungdom.

No til våren skal Indre Hardanger Målungdom skipa til landsmøtet i Norsk Målungdom.

Elles har Odda Mållag løyvt 2000 kroner til målungdomslaget.

### **Sal av "Gudlabadne"**

Fellessalet til område utanfor Jondal, Odda og Ullensvang er no avslutta. For Odda sin del gav dette salet eit overskot på 5927 kr.

For å fremja jolesalet av boka, hadde laget, saman med bokhandlar Ola O. Hagen, to lysingar i Hardanger Folkeblad.

Vidare har det stått to lysingar i "Helgahelsing".

### **Odda i manns minne**

Hefte nummer 9 vart utgjeve før jol. Opplaget var 1000 og hefta vart raskt utselde. Tre laurdagar i november og desember selde medlemmer 134 hefte på Sørfjordsenteret.

Harry Solberg var skriftstyrar og elles sat Kristen D. Eitrheim og Harald Jordal i redaksjonen.

### **Bok om veg- og gatenamn i Odda**

Dette boktiltaket er no i avslutningsfasen.

I redaksjonsnemnda sit Johannes Borge, Kristin Digranes, Ingrid Fossåen og Norvald Vethe.

Nemnda har hatt fire møte, og på desse møta har også Tor Henrik Mannsåker, Rolf-Atle Rolfsnes og Knut O. Dale delteke.

Me vonar at boka skal vera i sal til hausten.

Det er Norvald Vethe som er forfattaren av boka, medan Tor Henrik og Marit Mannsåker har hjelpt til med å skaffa biletstoff. Som datakunnig har Rolf-Atle Rolfsnes teikna ut tekstsidene.

### **Målprisen for 1997**

Målprisen for 1997 gjekk til Odda bibliotek v/ bibliotekar Margrethe Langfeldt.

Prisen var eit uttrykk for at Odda Mållag verdset det arbeidet som biblioteket i Odda gjer for m.a. å skaffa til vegar litteratur på nynorsk.

### **Påskjøningar**

Nynorskprisen for 1997, til ein dugande nynorskelev ved Odda vidaregåande skule, gjekk til Hjørdis Ingeborg Bleie. Prisen er på 1000 kroner.

### **Medlemsverving**

Ei vervnemnd har vore i arbeid. Medlemmer i nemnda er Maria Digranes, Gudrun Eimstad, Solveig Grønlien og Nils Moldøen. Solveig Grønlien har skrivne brev til alle husstandane på Eitrheim der ho oppmodar grannane til å melde seg inn i mållaget.

Vidare har alle grendafolka vorte utfordra til å skaffa mållaget nye medlemmer. Nye medlemmer får namneboka "Gudlabadne".

### **Møte med Odda kommune**

Møtet vart halde 4.2.99.

Saker som m.a. var oppe på møtet:

Målbruksplan for Odda kommune.

Statistikkføring; oversikt over målbruken i Odda kommune.

Det var Ingvild Jøsendal og Knut O. Dale som representerte mållaget på møtet, medan Toralv Mikkelsen (ordførar), Øystein Strømme Rasmussen (rådmann) og Liv With (leiar i levekårskomiteen) møtte for Odda kommune.

Uttale om normeringa av nynorsken.

Styret har slutta seg til ei fråsegn som Oddmund L. Hoel hadde ført i pennen for styret i Noregs Mållag.

### **Teatertur til Bergen**

Odda Mållag fekk hand om 40 billetter til teaterframsyninga "Tusen år og like blid" av Are Kalvø. Alle billettane vart utselde, og teaterturen til Bergen 30. - 31.1.99 var vellukka. Turid. A. Solberg, Harry Solberg og Jorid Ystanes hadde ansvaret for tiltaket.

### **Etterord**

Odda Mållag har hatt mange og ulike aktivitetar i 1998: Dette syner at laget "står til liv". Prioriterte arbeidsoppgaver i året som kjem er etter styret sitt syn: Medlemsverving, arbeid med skulemålet og aktiv dialog med skuleverket om nynorsken sine kår, utgjeving av veg- og gatenamnboka, "Odda i manns minne". Dette er alle tiltak som held oppe samtalen mellom laget og lokalsamfunnet og som syter for at laget sin "samfunnskontakt" er levande.

Om laget også maktar å gjennomføra kultur- og gledesiltak som teaterturar og andre sosialt og styrkjande aktivitetar og tilskipingar, trur styret at det vil laga seg både for laget og nynorsken i Odda.